

ÅRSMØTE I STORFJORDEN KYRKJELYD

31. MARS 2019 KL. 12.30



ÅRSMELDING 2018

STORFJORDEN SOKNERÅD

Soknerådet 2015-2019:

John Inge Leira Bjøringsøy (leiar)

Lene Viddal (nestleiar)

Kjetil Rørstad (medlem)

Per Arne Saure (medlem)

Cecilie Rørstad (1. vara)

Jens Inge Skjåstad (2. vara)

Lindis Sellereite (3. vara)

Jon Egil Finnes (4. vara)

Soknerådet har hatt 4 møter og handsama 15 saker i 2018.

Kjetil Rørstad og Per Arne Saure er soknerådet sine representantar i Ørsta kyrkjelege fellestråd.

Tilsette i kyrkjelyden:

Espen Aarseth: Sokneprest

John Inge Bjøringsøy: Organist

Evy Leira: Klokkar

Flingai Foloboi: Kyrkjetenar

Kyrkjeleg årsstatistikk:

Det har vore 16 oppsette gudstenester

Det har vore 1 friluftsgudsteneste saman med Austefjord kyrkjelyd på Kivissetra

Det var 1 gudsteneste i grindaløa på Bakketunet med kyrkjekaffi etterpå

Det var utført 5 dåpshandlingar i Bjørke kyrkje i 2018.

Av desse var 2 barn busette i soknet og 3 utansokns.

Gjennomsnitt frammøte til gudstenestene har vore 42 frammøtte

Det har vore 1 gravferd.

Det var 2 vigslar dette året.

Kyrkjelyden hadde ikkje konfirmantar i 2018

Gudstenestelivet.

Biskopen har forordna 19 gudstenester i soknet per år. Grunnen til at talet berre er 16 i 2018, er at Skjærtorsdag felles gudsteneste i Austefjord kyrkje, samstundes som at alle kyrkjelyder i prostiet fekk pålegg om å spare inn 2 gudstenester dette året pga kutt i midler til kyrkja frå den sittande regjeringa sitt budsjett.

Som det gjennomsnittlege frammøtet viser, så sluttar Bjørke-folket godt opp om gudstenestene i soknet. Det er og god oppslutning om konsertar og om friluftsgudstenester.

Det var dette året felles gudsteneste med Austefjord Skjærtorsdag og Påskedag.

På Skjærtorsdag var gudstenesta i Austefjord kyrkje, og påskedag vart feira i Bjørke kyrkje.

Trusopplæring

Kyrkjelyden deler ut Bibel til 5. klassingar, fireårsbok og no også 6-årsbok.

Borna får og tilbod om trusopplæring som skjer i Austefjord sokn.

Konsertar og musikk

Indiefjord-konserten i juli 2018 var eit konserttilbod som trakk mykje folk. Både festival-medlemer og andre tilreisande kom.

John Inge Bjøringsøy med fleire musikarar arrangerte, konsert i romjula, 2018.

Soknerådet stod som arrangør og la til rette for det praktiske. Det var god oppslutning om konserten.

Julaftan var systrene Aakre med og lyfta gudstenesta med flotte musikalske innslag.

Misjon og Diakoni

Misjonsprosjektet til Storfjorden kyrkjelyd er framleis støtte til organisasjonen Himal Partner, mental helse. Desse arbeidar blant folket i Nepal og Himalaya og gir vår støtte vidare til lokale organisasjonar som driv nødhjelp og langsiktig oppbygging av infrastruktur og helsetilbod. Mental helse blant fattige er eit tema som ikkje har vore mykje aktualisert, og derfor viktig å fremme. Mykje kan gjerast med små midlar og opplysningsarbeid. Soknet har gjennom avtalen bunde seg til å gje 4 offer i året, og i 2018 kom det inn totalt 5312,- til misjonsprosjektet.

Justering av kommunegrensar og soknestruktur

I 2018 vart det vedteke at krinsane i Storfjorden sokn skal innlemmast i Volda kommune. Med dette følger og ei endring i kyrkjestructuren. For soknepresten innebærer dette ikkje nokon umiddelbar endring, siden han er tilsett av bispedømme og prosti. Men for organist, klokkar og kyrkjetenar, samt drift av kyrkje og kyrkjegard, vil dette no ligge under Nye Volda kyrkjelege fellesråd frå 2020.

Nemnd for Nye Volda kyrkjelege fellesråd

I denne overgangsperioden er det no etter gjeldande regelverk sett ned «Nemnd for Nye Volda kyrkjelege fellesråd», med representantar for alle sokneråd i Nye Volda. Leiar John Inge Bjøringsøy har vore representant for Storfjorden sokneråd. I samband med dei komande endringane, og det komande kyrkjevalet i 2019, vart sokneråda i Storfjorden og Austefjorden spurt om dei ønska å slå saman sine sokn til eitt. Dette ønska ingen av sokneråda hausten 2018. Dermed vil Storfjorden sokn fortsette som sjølvstendig sokn som før, og i det komande kyrkjevalet i 2019. I framtida vil det kanskje vere naturleg med meir samarbeid med Hornindal og Austefjord sokn. Dette gjelder særskilt trusopplæringsarbeid og familiegudstenester, no som borna i soknet går på skule i Hornindal.

Økonomi

Inntekter til eige arbeid var i 2018 på kr 11.657,-

Offer til andre formål var på 10.714,- i tillegg kjem innsamla midlar til

Fasteaksjonen: 2.317,-

Drifta gav eit mindreforbruk på kr 2310,70 som vert overført til soknerådet sitt disposisjonsfond.

Disposisjonsfondet er no på kr 84.505,95

TUSEN TAKK TIL ALLE FOR OPPSLUTNAD OG INNSATS I 2018!

Bjørke, 6. februar 2019

John Inge Bjøringsøy - soknerådsleiar